



Informasjon til hjortejegerane i Hareid for 2021

Det er særskilt viktig at jegerane er kjende med denne informasjonen. De finn han og på www.hareid.kommune.no

JAKTTID OG OMSYN TIL KALVEKOLLER

Jakttida for hjort er 01.09. - 23.12.

Ved felling av kalvekolle er regelen at kalven alltid skal fellast først. Grunneigarane bør understreke dette kravet overfor jegerane.

Med jaktstart 1. september vil jegeren ofte observere vaksne koller som beitar medan kalven ligg i skjul. Dette endrar seg mykje når vi kjem til oktober då kalven oftare beitar i lag med mora. At kolla beitar åleine ein halvtime til ein time er altså ingen garanti for at ei vaksen kolle er utan kalv. Dette må jegeren vere merksam på.

Morsmjølka er viktig næring for kalven som han treng både gjennom hausten og den påfølgande vinteren. Ein morlaus kalv får dårlege kår gjennom hausten og vinteren. Han overlever neppe ein hard vinter, men han kan klare seg gjennom ein mild vinter. Skyt ein mora frå kalven, vil ein på sikt få ei negativ utvikling i hjortestamma med lågare vekter på vaksne dyr, seinare brunst og lågare fødselsvekter på kalvar.

JAKTLEIARAR

Jaktleiaren skal samordne jakta i eit jaktlag og sjå til det vert jakta i samsvar med lov og føreskrift. Vidare bør jaktleiaren ha ansvaret for å rapportere om felling, eventuell skadeskyting og liknande. Om ein har skifta jaktleiaren frå førre år må valdsansvarleg gje skriftleg melding til kommunen før jakta startar.

SETT HJORT

Valda skal registrere observasjonar av sett hjort. Dette er eit krav som kommunen stiller til valdsansvarleg som representerer grunneigarane i valdet. Valdsansvarleg sparer mykje arbeid om han vidarefører dette kravet til jaktleiaren og/eller kvar jeger.

Registrering av sett hjort kan gjerast digitalt via www.hjorteviltregisteret.no

Alle som har jegernummer har tilgang til å registrere sett hjort. Ein treng i tillegg eit vald- eller jaktfeltnummer. Desse nummera refererer til nummeret som valdet/jaktfeltet har i Hjorteviltregisteret. Hugs at alle jaktdagar skal registrerast uavhengig av om ein har sett eller felt hjort. Alle jaktdagar skal vere registrerte før 06.01.2022.

SKADESKYTING OG ETTERSØK

Det er krav om at alle jegerar/jaktlag skal ha skriftleg avtale om tilgang på godkjent ettersøkshund. Det er ikkje lov å jakte utan slik avtale. Ved skadeskyting av hjort eller uavklara situasjon etter påskyting av hjort, skal godkjend ettersøksekvipasje tilkallast og ettersøk gjennomførast.

All jakt i jaktfeltet skal stoggast medan det pågår ettersøk. Pliktig ettersøk på eige vald er den dagen dyret vart påskote og om nødvendig ut dagen etter. Ved ettersøk som går over på anna vald opphøyrer retten til ettersøk og felling ved utgangen av dagen den skadeskotne hjorten kom inn i valdet.

Er ettersøket første dag utan resultat skal jaktrettshavar og kommunen eller politi kontaktast og informerast om situasjonen.

Når pliktig ettersøk er utan resultat skal kommunen avgjere om ettersøket kan avsluttast eller om ettersøket skal halde fram. Den jeger eller jaktlag som står for skadeskytinga pliktar å delta utan vederlag ved pålagt ettersøk.

REGLAR FOR BRUK AV LYS UNDER ETTERSØK

Det er lov å bruke kunstig lys til ettersøk etter påskoten hjort. Men før ein tek i bruk kunstig lys har jegeren plikt til å varsle politi, jaktrettshavar og kommune om bruken.

SKADDE DYR

Kommunen skal ha varsel ved funn av dautt eller skadd vilt. Under ordinær jakt har jegeren plikt til å avlive hjort som er skada eller såra på ein slik måte at han lite truleg vert frisk att. Dyret kan gå på fellingskvota om valdet har kvote på same type dyr. Om ein ikkje tek dyret på kvota skal ein likevel veide ut dyret og sikre kjøtkvaliteten. Kommunen skal varslast snarast råd. Er dyret under ettersøk skal dyret tilfalle det valdet som ettersøker det.

CWD – SKRANTESJUKE

Symptom på sjukdomen er mellom anna avmagring og unormal framferd. Smitteoverføring skjer via beite, spytt og urin. Det er ikkje kjend at sjukdomen kan smitte til menneske, verken frå dyr eller kjøt. Ser de dyr som kan vere sjuke skal kommunen varslast. For 2021 har det ikkje gått ut særskild oppmoding frå Mattilsynet om å ta hjerneprøver av eldre hjort som vert felt.

GPS MERKA DYR

Det vart merka to koller med GPS sendar i Hareid kommune i februar. Hjortane er merka i regi av merkeprosjektet Vesthjort, og du kan fylje dei i kartet her: <https://kilden.nibio.no/> Vi ber om at hjort med klave med GPS sendar ikkje vert felt.

ØYREMERKA DYR

Øyremerka dyr kan fellast på lik line med umerka dyr. Desse dyra har berre øyremerke og ikkje klave med GPS sendar. Om ein observerer eller feller merka hjort under jakta, ber vi om at dette vert meldt til kommunen snarast råd. Ved felling av slike dyr skal ein ta vare på merka. I tillegg bør ein ta vare på underkjeven slik at alderen kan stadfestast.

MELDING TIL KOMMUNEN:

Om ettersøk, bruk av kunstig lys, om skada og sjuke dyr eller mistanke om skrantesjuka.

For valda Hareidsdalen, Hjørungavåg, Nakkane og SKAU:
Anne Kathrine Løberg, tlf: 900 34 380.

For valda Håbakk/ Hovledet og Brandal:
Trond Arne Aglen, tlf: 932 67 684.